



REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSUTVALET (SU) OG SKULEMILJØUTVALET(SMU) VED SLÅTTEN SKULE

Samarbeidsutvalet: Christian Moltu, Reiel Haugland, leiar for elevrådet Aslak Olai Torsheim, Styrk Eldholm Vegsund nestleiar for elevrådet, Siri Walle Øen, Bernt Norevik, Marianne Einevoll, Liv Horvei og Turid Irene Hatlem.

Skulemiljøutvalet: Christian Moltu, Reiel Haugland, Torje Hirth, Agnethe Fløtre Bøyum, Siri Walle Øen, Bernt Norevik, Marianne Einevoll, Liv Horvei og Turid Irene Hatlem.

Desse møtte:

Aslak Olai Torsheim, Christian Moltu, Liv Horvei, Siri Walle Øen, Turid Hatlem, Bernt Norevik

Tid: Onsdag 23. november 2022 kl. 18.00 – 19.30

Møtestad: Konferanserommet, Slåtten skule

Kort innleiande samtale/informasjon om Slåttenveka.

Sak 15/22 Konstituere (SU/SMU)

Leiar: Christian Moltu

Nestleiar: Reiel Haugland

Sak 16/22 Utleige av gymsal 2022 – 2023.

I retningslinjene for utleige av gymsal skal barn og unge prioriterast.

Vi har stor pågang av lag og tilstellingar som ønsker å leige gymsal.

Bursdagar der ein inviterer heile klassen (evt. alle gutar/alle jenter) gir gratis leige av gymsalen.

Turid informerte om dei rimelege satsane, som samla sett gir litt inntekter til skulen.

Skulen prioriterer barn/unge dersom fleire ønskjer å leige til same tid.

Sak 17/22 Orientering om resultatata frå dei Nasjonale prøvene.

Telefon:	57 83 45 00	Rektor:	Turid Irene Hatlem	57 61 28 13	turid.hatlem@sunnfjord.kommune.no
Løvetann SFO:	48 11 46 75	Ass. rektor:	Asmund Friborg	57 61 28 39	asmund.friborg@sunnfjord.kommune.no
Skogstjerne SFO:	97 04 30 10	Dagleg leiar SFO:	Johnny Årdal	57 61 28 44	johnny.ardal@sunnfjord.kommune.no
Firkløveren SFO:	47 48 42 89	Konsulent:	Kristin Burø	57 83 45 00	kristin.buro@sunnfjord.kommune.no

Gode resultat ved skulen; over landssnittet på alle prøvene.

Spesialundervisning:

Horvei seier at spesialundervisning har gått opp i Sunnfjord kommune og at midlane heller er tenkt å skulle brukast i tilpassa opplæring, korleis er det ved Slåtten skule?

I samtalen etter dette:

Skulane har fått oppmoding om å bruke midlane vi har, ikkje “melde opp for mange”.

Ein må likevel vere obs; kan til dømes ettervirkningar etter Covid-19 føre til at fleire har behov for spesialundervisning? PPT si rettleiing gir ikkje nødvendigvis alltid det ein trenger. Er behovet større i meir kompleks yrkeskvardag?

Horvei fortalde litt om situasjonen ved Mo og Øyrane med tanke på spesialundervisning. Dei opplever auking i talet på elevar som har behov for spesialundervisning.

Oppsummert: Fagkompetansen er best nytta ute i feltet; ikkje på eit kontor.

Sak 18/22 Innspel til førelesar på foreldresamling etter nyttår.

Forslag:

- Odd Helge Vågseth frå politiet?
- Tore Pettersson frå “Skal vi danse?”
- Abid Raja? (sannsynlegvis ikkje realistisk)
- Kona til Abid Raja (om samtalar om emosjonar med barn)
- Øystein Veraas

Sak 19/22 Elevrådsrepresentantane fortel litt om skulemiljøet på Slåtten.

- Skulemiljøet ved Torsheim:
Ein del synest det er ganske bra miljø, andre meiner at vi burde bli betre til å plukke boss på skuleområdet. Vi har “Friminutt Aktiv” (aktivitetar for alle i friminutt) to gonger per veke, dette er eit bra tiltak. Døme på aktivitetar: Fotball, flaggleik, gøymysle, dans, mm. Mange nyttar seg av dette tilbodet.
- Det er ekstremt stor bruk av skuleområdet, til alle tider. Ein del boss kan vere eit produkt av kveldsaktivitet.
- Vi har mellom anna ordenspris, som blir delt ut til den klassen/dei klassane som “held best orden” som motiverande faktor ved skulen

Bernt Norevik